

# Retningslinjer for tilskot frå kulturmidlane

## Føremål

Tilskot til kulturføremål skal vere eit tenleg styringsmiddel for å løysa oppgåver innan kulturlivet i Leikanger. Det skal stimulere til kvalitet, styrke den lokale kulturen og kome flest mogeleg av innbyggjarane i kommunen til gode.

## Tiltak og vilkår

Det vert gjeve støtte til konkrete tiltak som vert definert som aktivitetstiltak, og som har eit klart kulturføremål. Det vert fyrst og fremst gjeve tilskot til tiltak innan kommunegrensa. Lag og organisasjonar og einskildpersonar kan søkje om støtte. Formannskapet kan til kvar tid prioritere kva tiltak som bør støttast. Det kan gjevast støtte til inntil 50% av kostnadsramma for tiltaket det vert søkt om.

## Søknad og søknadsfrist

Søknad om tilskot til kulturføremål skal vere skriftleg og innehalde utgreiing om tiltaket det vert søkt om, kostnadsoverslag og finansiering. Søknadsfristen er 15. mars, eller ved nærare kunngjering. Tildeling av kulturmidlar skal lysast ut skriftleg.

## Sakshandsaming

Administrasjonen handsamar søknadene og legg dei fram for Formannskapet for avgjerd.

## Utbetaling

Utbetaling skjer i hovudsak etter at tiltaket er gjennomført og dokumentert. Ved vesentlege endringar i føresetnadene for søknaden, t.d. lågare kapitalbehov, kan administrasjonen redusere tilskotet tilsvarende. Det kan gjennomførast kontroll med tiltaket som det vert gjev tilskot til.

## Klage

Søkjar har høve til å klage på avgjerda, jamfør kommunelova §59 og forvaltningslova Kap. VI